

Protokoll

Formål: Møte i Helseutvalet
Møtetid: 12.09.14 kl. 09 - 12
Til stad: Tord Moltumyr, Odd Ivar Øvregård, Peter Kubon, Karstein Totland, Nils Marton Aadland, Øivind Olsnes, Astrid Aarhus Byrknes og Anne Hildegunn Færøy
Møteleiar: Astrid Aarhus Byrknes
Referent: Anne Hildegunn Færøy

SAKS NR	SAKSLISTE	O V D	Vedlegg
20/14	Saksliste og innkalling - godkjent utan merknader	V	
21/14	Protokoll frå utvalsmøte 25.04.2014 - godkjent utan merknader	V	
22/14	<u>Skifte av leiar i Samarbeidsutvalet for Nordhordland</u> Tord Moltumyr har meldt at han vil gje seg som leiar for Samarbeidsutvalet(SU) Nordhordland, og har bedt Helseutvalet drøfta kandidat for å overta dette vervet. Helseutvalet tilrår at kommunane fortset å ivareta leiarvervet i Samarbeidsutvalet, og at Odd Ivar Øvregård vert innstilt som kandidat for å overta dette. Saka skal til handsaming i SU 22.september	D	
23/14	<u>Oppfølging av unge lovbrytarar</u> Det vart orientert om initiativ frå lensmann Einar Vatne ved Nordhordland lensmannskontor om tiltak for oppfølging av unge lovbrytarar i Nordhordlandskommunane. Det er mellom anna initiert eit samarbeid mellom kommunane for å følgja opp ungdom som har fått påtaleunnlating ved å gjennomføre oppfølgingsamtalar, og tilrådd at tiltak vert gjennomført ved «Salto». Regionrådet har bedt Helseutvalet vurdere initiativet, og om det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere interkommunalt samarbeid for å setje i verk tiltak retta mot unge lovbrytarar. Utvalet drøfta saka og i kva grad kvar kommune bør sikra tiltak retta mot denne gruppa innanfor eigne, eksisterande rammer, eller om det skal vurderast eit interkommunalt samarbeid slik politiet initierer. Det vert vist til samarbeidsavtale mellom kommunane og Konfliktrådet i Hordaland som mellom anna omhandlar tverrfagleg samarbeid for oppfølging av unge lovbrytarar, og som kan vere ein arena for iverksetjing av tiltak slik det er skissert i brev frå lensmannen. <u>Konklusjon:</u> Helseutvalet sluttar seg ikkje til framlegg til vedtak om å etablera arbeidsgruppe for å vurdere tiltak slik det er skissert i brev frå politiet. Utvalet viser til lokal samarbeidsavtale mellom Konfliktrådet i Hordaland og kommunane som gjeld oppfølging og tiltak retta mot unge	V	

	<p>lovbrytarar, og viser til at det er gjennom denne ordninga det bør settast i verk tiltak retta mot denne gruppa.</p> <p>Orientering om Helseutvalet sitt vedtak går til Regionrådet og Nordhordland Lensmannskontor.</p>		
24/14	<p><u>Oppfølging etter møte med Helse Vest RHF</u> Oppfølging av sak 17/14, 25.04.14 – møte med Helse Vest og lokalisering av spesialisthelsetenester i Nordhordland. I dette møtet konkluderte ein med at vurderingar av kva spesialisthelsetenester det er behov for å lokalisere i Nordhordland må gjerast i samarbeid med Helse Bergen og HDS.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Helseutvalet er samd i at denne saka må følgjast opp, og at det blir tatt eit initiativ til møte med Helse Bergen for å drøfte saka. Astrid Byrknes og Tord Moltumyr får i oppdrag å følgje opp denne saka.</p>	D	
25/14	<p><u>Orientering om Helsehuset</u> Det vart gitt ei kort orientering om status for Helsehusprosjektet. NUI er i forhandlingar når det gjeld kjøp av tomt. Selskapsavtale for nytt IKS som skal planleggja, oppføra og drifta Helsehuset er ferdigstilt og vil bli lagt fram for Regionrådet for vurdering før den blir sendt til handsaming i kommunane. Det er utarbeidd forslag til prosjektorganisasjon for byggeprosjektet. Denne vil bli presentert for Regionrådet i møte 12.09.14. Invitasjon til anbod på prosjektleiing for byggeprosjektet er lagt ut på Doffin, og ein har som mål å ha på plass prosjektleiing innan 01.desember.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Helseutvalet tar orienteringa til etterretning, og ber NUI utarbeide informasjonsskriv som kan sendast til kommunane for å orientere om status for byggeprosjektet og planar for innhald og drift.</p>	O	
26/14	<p><u>Orientering frå andre utval</u></p> <p>Rådmannsutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sjå orientering under sak 29/14 <p>Samarbeidsutvalet m/ underutval</p> <ul style="list-style-type: none"> - <u>Invitasjon til deltaking i revidering av regional plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest.</u> Tord Moltumyr orienterte om invitasjon frå Helse Vest om deltaking i styringsgruppe og prosjektgruppe for revidering av regional plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest. Det er i brevet oppmoda om at Samarbeidsutvala peikar ut representant frå kommunane som kan delta i dette arbeidet. Saka skal til handsaming i Samarbeidsutvalet 22.09.14. 	O	

27/14	<p><u>Nordhordland legevakt og ØH – D</u> ØH-D Sigfrid Reisegg, overlege v/ØH-D orienterte om status for bruk av døgnposten, kva diagnoser som blir behandla der, kvar pasientane kjem frå og kven som legg dei inn i sengene. Presentasjon som viser datagrunnlaget er vedlagt.</p> <p>Grethe Fosse, legevaktsjef v/NLV orienterte om og presentert vurderingar av framtidig behov for kompetanse ved legevakta og kommunane – særleg retta mot nye oppgåver og utfordringar, og sett i lys av lov og forskrift.</p> <p>Helseutvalet takka for orienteringa og meldte tilbake at dette var nyttig informasjon.</p> <p>Utvalet ønskjer å få presentert sak for å vurdere korleis ein kan arbeide vidare med og følgje opp utfordringar når det gjeld framtidig behov for kompetanse og rekruttering av helsepersonell.</p>	O	PP lagt ved i e-post
28/14	<p>Eventuelt: <u>Smittevernberedskap</u> Tord Moltumyr viser til brev frå Helsedirektoratet med tittelen; ORIENTERING I FORBINDELSE MED EBOLA - KOMMUNENES SMITTEVERNBEREDSKAP M.M.. I brevet er det mellom anna oppmoda til kommunane si gjennomgang av smittevernplanar og kommunelegen sitt ansvar hht. Smittevernloven. Vidare er det lagt til grunn at; <i>...kommunen skal ha en beredskapsordning hvor en kommunelege med ansvar og oppgaver i henhold til smittevernloven og folkehelseloven er tilgjengelig til enhver tid (24/7).</i></p> <p>Det er uklart i kva grad kommunane oppfyller kravet om beredskap med dagens ordningar. Utvalet drøfta spørsmål ved om ein skal vurdere etablering av ei formell vaktordning i regionen for å følgje opp krav om smittevernberedskap 24/7.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Helseutvalet tar saka til orientering, og ber Rådmannsutvalet drøfta kommunane si plikt til smittevernberedskap - 24/7, og om det skal etablerast ei formell vaktordning i regionen for å møte krav iht m.a. smittevernberedskap slik det er orientert om i skriv frå Helsedirektoratet.</p> <p>-----</p>	O	 ORIENTERING I FORBINDELSE MED EBOLA
29/14	<p><u>Oppgjør for utlevering av LAR-medikament i kommunane</u> Peter Kubon orienterer om skriv frå Helse Bergen, avd for rusmedisin (AFR), der kommunane er invitert til eit fellesmøte (gjennomført 5/9) og møte mellom AFR og den enkelte kommune for diskutere ansvar og økonomi for utlevering av LAR-medikament.</p> <p>Odd Ivar Øvregård viser til at Rådmannsutvalet har drøfta saka og at det er sett ned ei gruppe bestående av rådmannen i Osterøy og Meland, samt fagperson frå Lindås og Radøy som går i dialog med Helse Bergen for å koma fram til felles mal som kan gjelda for alle kommunane.</p>	O	